

SPØRSMÅL OM FORSØPLING I BUSTADOMRÅDE

Vi har fått fleire innspel frå innbyggjarar i Alver kommune som er plaga av forsøpling i bustadområde.

Det gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilar/bilvrak ståande på si tomt over lang tid, opp til fleire år. Dette er ei miljøutfordring, og er også både skjemmande og visuelt forureinande. For nokre innbyggjarar er dette så krevjande at det går på helsa laus.

Etter det eg kjenner til har Alver kommune mottatt klager på denne type problemstillingar utan at det har ført til betring.

Spørsmålet mitt er: Korleis følgjer Alver kommune opp denne type saker, og har ein sett på kva måte andre kommunar i Bergensområdet handterer denne type utfordringar?

Med helsing

Nils Marton Aadland (H)